



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1413-4

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap		

Drift av Lastein bryggekafe for perioden 2025-2029

Saksframlegg godkjent 22.01.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 UTKAST - Utleigeavtale for Lastein Bryggjekafé
- 2 Leigekontrakt for perioden 2020-2024
- 3 Tilbod frå Dalen hotell

Bakgrunn for saka

Leigeavtalen med Dalen hotell om drift av bryggekafeen gjekk ut i 2024. Vi har lyst ut etter driver av bryggekafeen for perioden frå 2025-2029 Det kom inn eit tilbod på å drive bryggekafeen. Det var frå Dalen hotell drift AS.

Saksutgreiing

Drifta av kaféen har vore lyst ut etter offentlege innkjøpsreglar. Det kom inn tilbod frå Dalen hotell drift AS. Dei har drevet denne verksemda i meir enn 10 år.

Vedlagt i saka er forslag til ny kontrakt. Dette er eit utgangspunkt for forhandlingar med Dalen hotell drift. Vi ynskjer å evaluere drifta etter 2 år for å kunne korrigere dersom det er noko vi vil forandre omkring drifta.

Dalen hotell har drevet kaféen i så mange år at vi meiner dei er ein seriøs aktør som er kompetente til å drive verksemda.

Det vil vere naudsynt med litt oppussing av lokala før leigetakar tek lokala i bruk for neste periode. Det er sett av ein sum i budsjettet for 2025 for å ruste opp kjøkkenet. Dette tek teknisk avdeling seg av.

Konklusjon

Vi vurderer tilbodet frå Dalen hotell drift til å vere tilfredsstillande og ynskjer å inngå kontrakt med dei om drift av bryggekafeen fram til og med 2029.

Kommunedirektørens tilråding

Drift av bryggekafeen for perioden 2025 – 2029 blir tildelt Dalen hotell drift AS

Formannskapet tek vedlagt avtale til orientering.